



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** 1. etg., Samfunnshuset  
**Dato:** 31.05.2007  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Aarflot Kalland	Leiar	SP
Gunnar Strøm	Nestleiar	SV
Gunnhild Humberset	Medlem	AP
Jan Henning Egset	Medlem	AP
Jon Georg Dale	Medlem	FRP
Lars Peder Barstad	Medlem	FRP
Arne Oddmund Torvik	Medlem	FRP
Jan Heltne	Medlem	H
Tine Berg Nordahl	Medlem	H
Hallvard Bjørneset	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Egil Straume	Medlem	KRF
Gerd Botn Brattli	Medlem	KRF
Ho møtte kl. 16:35.		
Petra Humberset	Medlem	KRF
Roger Nedreklepp	Medlem	SP
Dale Eldar	Medlem	SP
Han fekk permisjon og gjekk kl. 19:25.		
Randi Kalland	Medlem	SV
Bjarte Humberset	Medlem	V
Gunnhild Larsgård	Medlem	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Torill Rødven Eide	Medlem	AP
Petter Espe	Medlem	H
Ann Britt Våge Fannemel	Medlem	H
Marthe Styve Holte	Medlem	SP
Ingrid Opedal	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Tore Våde	Medlem	SV
Han møtte kl. 17:30.		
Kjell Petter Wiik	Medlem	KRF

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bjørn Ytrestøyl	Torill Rødven Eide	AP
Knut Arne Steinsvik	Ann Britt Våge Fannemel	H
Bård Lillefosse	Petter Espe	H
Reidulv Langvatn	Kjell Petter Wiik	KRF
Gunnar Høydal	Marthe Styve Holte	SP
Fekk permisjon og gjekk kl. 17:30.		
Atle Døssland	Ingrid Opedal	SV
Anne Karin Espe	Tore Våde	SV
Møtte kl. 15:10 – 17:30.		
Hilde Osdal	Åshild Vik	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jarle B. Krumsvik	Administrasjonssjef

Dessutan møtte Svein-Egil Johannessen frå NAV Volda under handsaming av sak 54/07.

Det var 25 møtande medlemer og varamedlemer til stades då møtet tok til. Då kommunestyret tok til på saklista, var dei 26 møtande medlemer og varamedlemer til stades.

# SAKLISTE

**Saksnr.**

PS 52/07	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 53/07	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 54/07	<b>Etablering av NAV Volda</b>
PS 55/07	<b>Byggeområde Austefjord – grunnavtale</b>
PS 56/07	<b>Trongen for omsorgsbustader i Volda kommune</b>
PS 57/07	<b>Fjøstomt til Sagarelva Samdrift - avklaring i forhold til pågåande planarbeid</b>
PS 58/07	<b>Etablering av vinmonopolbutikk-godkjenning av lokalitet</b>
PS 59/07	<b>Reguleringsplan Øvre Skjellebreida Handsaming etter offentleg ettersyn</b>
PS 61/07	<b>Nordvestkompetanse Eigedom AS - tilbakemelding til kommunestyret</b>
PS 60/07	<b>Sluttrapport frå prosjektnemnda for cruisehamn i Volda</b>

**Orienteringar:**

Møtet starta med orientering frå

- Tussa Kraft AS v/adm. dir. Elling Dybdal
- Statnett v/Magne Maurset vedk. 420 kv kraftlinje Ørskog - Fardal

Til slutt i møtet orienterte ordføraren om fylgjande:

- Søre Sunnmøre Regionråd skal halde møte 1. juni 2007 i Herøy kommune.
- Næringsforumet skal halde møte 5. juni 2007.
- Oppstart av Kulturforum der ordførar inviterer alle lag og organisasjonar i Volda kommune til samarbeid med kommunen.
- Felles regionrådsmøte med Nord-Gudbrandsdal, Nordfjord-kommunane og Søre Sunnmøre Regionråd i Loen i veke 23.

## **Utdelte dokument:**

- Brev frå Volda Industrilag datert 23.05.2007 i høve sak 57/07
- Brev frå Arild Iversen, Volda Krf, datert 30.05.07 vedk. "Ja til lokalt sjølvstyre når det gjeld speleautomatar".
- Grunngeve spørsmål frå Volda SV v/Randi Kalland og Ingrid Opedal og Volda Krf v/Kjell Petter Wiik vedk. Volda som første Fairtrade-kommunen i Møre og Romsdal, og svar frå ordføraren.

## **PS 52/07 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Møtet var innkalla med lysing i "Møre" torsdag 24. mai, der også saklista var teken inn. Vidare skjedde innkallinga ved at sakliste, dokument og tilrådinga var sendt kvar einskild medlem i posten den 24.05.07.

Ordføraren melde at ho ville svare på grunngeve spørsmål mottatt 29.05.07 frå Volda SV v/Randi Kalland og Ingrid Opedal og Volda Krf v/Kjell Petter Wiik vedk. Volda som første Fairtrade-kommunen i Møre og Romsdal.

Vidare kom ho med framlegg om at uttale frå Volda Krf v/Arild Iversen datert 30.05.07 vart sett på saklista.

### **Røysting:**

Ingen hadde noko å merke til innkallinga.  
Saklista med tillegga vart samrøystes vedteken.

Ordføraren sa at møtet var sett.

---

---

## **PS 53/07 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå forrige møte vart samrøystes godkjent.

---

---

## **PS 54/07 Etablering av NAV Volda**

### **Vedtak i Driftsstyret - 16.05.2007**

- 1 *Volda kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre.*

- 2 *Volda kommunestyre godkjenner driftsavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre.*
- 3 *Volda kommunestyre godkjenner husleigeavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre, med den endring at leigar skal betale straum og reinhald. Sjå pkt.9 i avtale om leige av lokale.*
- 4 *Volda kommunestyre løyver inntil kr. 300.000,- til sin andel av etableringsbudsjettet 2007. Finansiering: Disposisjonsfondet.*
- 5 *Volda kommunestyre løyver kr. 2,9 millionar til utbygging av NAV Volda.*
- 6 *Finansiering: Låneopptak.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå driftsstyret vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 31.05.2007**

1. *Volda kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre.*
  2. *Volda kommunestyre godkjenner driftsavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre.*
  3. *Volda kommunestyre godkjenner husleigeavtalen med NAV Møre og Romsdal slik den ligg føre, med den endring at leigar skal betale straum og reinhald. Sjå pkt.9 i avtale om leige av lokale.*
  4. *Volda kommunestyre løyver inntil kr. 300.000,- til sin andel av etableringsbudsjettet 2007. Finansiering: Disposisjonsfondet.*
  5. *Volda kommunestyre løyver kr. 2,9 millionar til utbygging av NAV Volda.*
  6. *Finansiering: Låneopptak.*
- 

### **PS 55/07 Byggeområde Austefjord - grunnavtale**

#### **Tilråding frå Eigeoms- og forvaltningsstyret - 15.05.2007**

1. *Volda kommune godkjenner avtalen med eigarar av gb.nr. 46/1 og 46/13 om kjøp av areal slik det er sagt avtalen. Føresetnad for godkjenninga er at området vert omregulert og kan nyttast til bustadføremål.*
2. *Administrasjonssjefen vert gitt i oppdrag å syte for igangsetting og gjennomføring av reguleringsprosessen, seinast slik det er føresett i avtalepunkt nr. 11.*
3. *Administrasjonssjefen vert bedd om å oppdatere kostnadstala så snart tilstrekkeleg arealplanlegging er på plass.*

## **Handsaming:**

Reidulv Langvatn stilte spørsmål om han var ugild. Han tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

Vedtak vedk. ugildskap:

Reidulv Langvatn vart samrøystes kjend ugild.

Det var 25 røysteføre til stades under handsaminga av saka.

## **Røysting:**

Tilrådinga frå eigedoms- og forvaltningsstyret vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 31.05.2007**

- 1. Volda kommune godkjenner avtalen med eigarar av gb.nr. 46/1 og 46/13 om kjøp av areal slik det er sagt avtalen. Føresetnad for godkjenninga er at området vert omregulert og kan nyttast til bustadføre mål.*
  - 2. Administrasjonssjefen vert gitt i oppdrag å syte for igangsetting og gjennomføring av reguleringsprosessen, seinast slik det er føreset i avtalepunkt nr. 11.*
  - 3. Administrasjonssjefen vert bedd om å oppdatere kostnadstala så snart tilstrekkeleg arealplanlegging er på plass.*
- 

## **PS 56/07 Trongen for omsorgsbustader i Volda kommune.**

### **Tilråding frå Formannskapet - 21.05.2007 til kommunestyret:**

- A. *Kommunestyret tek til vitande trongen for omsorgsbustader i Volda:*
- 1. Innanfor eldreomsorga har Volda kommune behov for om lag 20 nye bemanna husvære etter at Fjordsyn er tatt i bruk. Renovering av Mork bustader vil auke behovet, då talet bueiningar ved Mork mest truleg blir redusert pga. arealkrav pr. bueining frå Husbanken. Eventuelt auka behov etter renovering av Mork bustader skal stettast ved utbygging på Lauvstad og/eller Folkestad.*
  - 2. I løpet av ei 5-6 års periode vil det vere behov for 10 – 12 bustader for utviklingshemma. Fem av desse burde vere klare allereie i 2007.*
  - 3. Innanfor det psykiske helsevernet treng ein 4 nye husvære komande 2 års periode.*
- B. *Kommunestyret prioriterer tiltaka slik:*
- 1. Bygging av fem samlokaliserte bustader for psykisk utviklingshemma.*
  - 2. Totalrenovering av Mork bustader.*
  - 3. Bygging av omsorgsbustader for eldre på Lauvstad.*
  - 4. Utviding kapasitet på omsorgsbustader på Folkestad.*

C. *Kommunestyret ber om at byggenemnda for renovering av Fjordsyn startar planlegginga av 1. og 2. prioritet i pkt B, og set av kr 250.000,- til føremålet. Finansiering: Disposisjonsfondet.*

**Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 31.05.2007**

- A. *Kommunestyret tek til vitande trongen for omsorgsbustader i Volda:*
2. *Innanfor eldreomsorga har Volda kommune behov for om lag 20 nye bemanna husvære etter at Fjordsyn er tatt i bruk. Renovering av Mork bustader vil auke behovet, då talet bueiningar ved Mork mest truleg blir redusert pga. arealkrav pr. bueining frå Husbanken. Eventuelt auka behov etter renovering av Mork bustader skal stettast ved utbygging på Lauvstad og/eller Folkestad.*
  2. *I løpet av ei 5-6 års periode vil det vere behov for 10 – 12 bustader for utviklingshemma. Fem av desse burde vere klare allereie i 2007.*
  3. *Innanfor det psykiske helsevernet treng ein 4 nye husvære komande 2 års periode.*
- B. *Kommunestyret prioriterer tiltaka slik:*
1. *Bygging av fem samlokaliserte bustader for psykisk utviklingshemma.*
  2. *Totalrenovering av Mork bustader.*
  3. *Bygging av omsorgsbustader for eldre på Lauvstad.*
  4. *Utviding kapasitet på omsorgsbustader på Folkestad.*
- C. *Kommunestyret ber om at byggenemnda for renovering av Fjordsyn startar planlegginga av 1. og 2. prioritet i pkt B, og set av kr 250.000,- til føremålet. Finansiering: Disposisjonsfondet.*
- 
- 

**PS 57/07 Fjóstomt til Sagarelva Samdrift - avklaring i forhold til pågåande planarbeid**

**Tilråding frå Det faste planutvalet - 21.05.2007 til kommunestyret:**

*Søknaden om deling for bortbygging av fjóstomt til Sagarelva Samdrift på gbnr.: 13/20 kan handsamast ferdig, sjølv om tiltaket ligg innafør planområdet til det pågåande arbeidet med kommunedelplanen for Volda sentrum.*

**Handsaming:**

Brev frå Volda Industrilag v/Roar Gjersdal datert 23.05.07 vart utdelt på møtet.

**Ragnhild Aarflot Kalland, SP**, kom med fylgjande framlegg som tillegg til tilrådinga:

*Kommunestyret føreset at om lag 5 da. av noverande LNF-område mellom planlagt fellesfjøstomt og industriområdet kan omdisponerast til utbyggingsområde.*

Gerd Botn Brattli kom no, og det var 27 møtande medlemmer og varamedlemmer til stades i framhald av møtet.

**Høgre v/Jan Heltne** kom med fylgjande framlegg:

*Søknad om deling for bortbygging av fjøstomt til Sagarelva Samdrift på gbnr. 13/20 vert å sjå som innspel til kommunedelplanen for Volda sentrum.*

Det vart halde gruppemøte i saka.

Høgre v/Jan Heltne trekte sitt framlegg.

**Jon-Georg Dale** kom med fylgjande fellesframlegg frå **FRP, Høgre og Krf**:

*Kommunestyret ynskjer å sjå det omsøkte området som ein del av kommunedelplanen for Volda sentrum. Kommunestyret bed difor administrasjonssjefen kome attende til kommunestyret med ei vurdering av bygge- og deleforbod i det omsøkte området. Kommunestyret bed om tilbakemelding før utgangen av juni 2007.*

Prøverøysting:

Fellesframlegget frå FRP, Høgre og Krf fekk 15 røyster. 12 røysta mot.

Tilrådinga frå det faste planutvalet fekk 11 røyster. 16 røysta mot.

Framlegget frå Ragnhild Aarflot Kalland med tilrådinga frå det faste planutvalet fekk 3 røyster. 24 røysta mot.

**Endeleg røysting:**

Fellesframlegget frå FRP, Høgre og Krf fekk 15 røyster og vart vedteke. 12 røysta mot.

Tilrådinga frå det faste planutvalet fekk 8 røyster og fall. 19 røysta mot.

Framlegget frå Ragnhild Aarflot Kalland med tilrådinga frå det faste planutvalet fekk 4 røyster og fall. 23 røysta mot.

**Vedtak i Kommunestyret - 31.05.2007**

*Kommunestyret ynskjer å sjå det omsøkte området som ein del av kommunedelplanen for Volda sentrum. Kommunestyret bed difor administrasjonssjefen kome attende til kommunestyret med ei vurdering av bygge- og deleforbod i det omsøkte området. Kommunestyret bed om tilbakemelding før utgangen av juni 2007.*

---

---

## **PS 58/07 Etablering av vinmonopolbutikk - godkjenning av lokalitet.**

### **Tilråding frå Formannskapet - 21.05.2007 til kommunestyret:**

*Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 116/06 om salsløyve, og godkjenner i samsvar med alkohollova § 3-3 at AS Vinmonopolet etablerer sjølvbetjent utsal i Industrigata 12, utleigar Volda Sentrum AS.*

### **Handsaming:**

Tore Våde kom, og Anne Karin Espe gjekk. Gunnar Høydal fekk permisjon og gjekk. Det var 26 møtande medlemer og varamedlemer i framhald av møtet.

Jan Henning Egset stilte spørsmål om han var ugild. Han tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

Vedtak vedk. ugildskap:

Jan Henning Egset vart samrøystes kjend ugild.

Det var 25 røysteføre til stades under handsaming av saka.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet fekk 20 røyster og vart vedteke. 5 røysta mot.

### **Vedtak i Kommunestyret - 31.05.2007**

*Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 116/06 om salsløyve, og godkjenner i samsvar med alkohollova § 3-3 at AS Vinmonopolet etablerer sjølvbetjent utsal i Industrigata 12, utleigar Volda Sentrum AS.*

---

---

## **PS 59/07 Reguleringsplan Øvre Skjellebreida Handsaming etter offentlig ettersyn**

### **Tilråding frå Det faste planutvalet - 21.05.2007 til kommunestyret:**

- 1. Reguleringsplan for "Øvre Skjellebreida", plan datert 1.03.2007, med tilhøyrande føresegner vert eigengodkjent i samsvar med pbl §27-2 nr. 1.*
- 2. Kommunestyret viser til moglege fjernvarmeanlegg i Volda i framtida, og ber utbygger vurdere å legge til rette for framtidig tilknytning til slikt anlegg.*

### **Handsaming:**

**SV v/Randi Kalland** kom med fylgjande framlegg som nytt pkt. 2:

*Kommunestyret viser til at det i planskildringa er sagt at ein vil arbeide vidare med det fasademessige uttrykket for byggeprosjektet og at detaljar knytt til dette ikkje er bindande del av reguleringsplanen.*

*Ein bed at dette vert fylgt opp i byggesak, og at ein her vurderer endra utforming for toppetasjen, ved t.d. tilbaketrekking av denne, endra materialbruk og fargesetting, samt vurdering av valt takutforming for å lette det dominerande preget som bygget elles vil kunne få.*

*Pkt. 2 i tilrådinga frå det faste planutvalet blir nytt pkt. 3.*

**Røysting:**

Ved punktvis røysting vart pkt. 1 i tilrådinga frå det faste planutvalet samrøystes vedteke. Framlegget frå SV v/Kalland til nytt pkt. 2 fekk 17 røyster og vart vedteke. 9 røysta mot. Pkt. 2 i tilrådinga frå det faste planutvalet (heretter kalla pkt. 3) fekk 21 røyster og vart vedteke. 5 røysta mot.

**Vedtak i Kommunestyret - 31.05.2007**

- 1. Reguleringsplan for "Øvre Skjellebreida", plan datert 1.03.2007, med tilhøyrande føresegner vert eigogodkjent i samsvar med pbl §27-2 nr. 1.*
- 2. Kommunestyret viser til at det i planskildringa er sagt at ein vil arbeide vidare med det fasademessige uttrykket for byggeprosjektet og at detaljar knytt til dette ikkje er bindande del av reguleringsplanen.  
Ein bed at dette vert fylgt opp i byggesak, og at ein her vurderer endra utforming for toppetasjen, ved t.d. tilbaketrekking av denne, endra materialbruk og fargesetting, samt vurdering av valt takutforming for å lette det dominerande preget som bygget elles vil kunne få.*
- 3. Kommunestyret viser til moglege fjernvarmeanlegg i Volda i framtida, og ber utbyggjar vurdere å legge til rette for framtidig tilknytning til slikt anlegg.*

---

---

**PS 61/07 Nordvestkompetanse Eigedom AS - tilbakemelding til kommunestyret**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommunestyre tek tilbakemeldinga frå Nordvestkompetanse Eigedom AS til vitande.*

**Handsaming:**

Styreleiar i Nordvestkompetanse Eigedom AS, Jørgen Holte, orienterte munnleg om saka.

Jan Henning Egset og Tine Berg Nordahl reiste spørsmål om dei var ugilde. Dei tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

Vedtak vedk. ugildskap:

Jan Henning Egset vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Tine Berg Nordahl vart samrøystes kjend gild. Ho tok sete.

**Frp v/Jon Georg Dale** kom med fylgjande framlegg:

- 1. Volda kommunestyre tek tilbakemeldinga frå Nordvestkompetanse Eigedom AS til vitande.*
- 2. Kommunestyret bed om kontinuerleg oppdatering etterkvart som dei uavklarte problemstillingane vert avklart.*

**Ordføreren** kom med fylgjande tilleggsframlegg:

*Volda kommunestyre bed administrasjonen legge fram sak vedkomande anbodsdokument på nytt kulturhus i junimøtet.*

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå ordføreren vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Frp v/Dale vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Kommunestyret - 31.05.2007**

- 1. Volda kommunestyre tek tilbakemeldinga frå Nordvestkompetanse Eigedom AS til vitande.*
  - 2. Kommunestyret bed om kontinuerleg oppdatering etterkvart som dei uavklarte problemstillingane vert avklart.*
  - 3. Volda kommunestyre bed administrasjonen legge fram sak vedkomande anbodsdokument på nytt kulturhus i junimøtet.*
- 

**PS 60/07 Sluttrapport frå prosjektnemnda for cruisehamn i Volda**

**Cruisenemnda si tilråding:**

*1. Det vert etablert eit interimstyre som skal arbeider vidare med planane for å få etablert eit selskap som skal stå for marknadsføring, mottak og tilrettelegging for cruisetrafikk på Vikeneskaia. Selskapet bør bestå av bedrifter og privatpersonar som har interesse for Volda som cruisedestinasjon.*

*2. Interimstyret består av dei medlemne frå den nedlagde cruisenemnda som frivillig ynskjer å vere med vidare. Styret bør vere ope for dei som har interesse for Volda som cruisedestinasjon.*

*3. Kultur- og næringsssjefen fungerer som interimstyret sin sekretær, til eit eige selskap er etablert. Han kallar inn til første møte.*

**Røysting:**

Tilrådinga frå cruisenemnda vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 31.05.2007**

*1. Det vert etablert eit interimstyre som skal arbeider vidare med planane for å få etablert eit selskap som skal stå for marknadsføring, mottak og tilrettelegging for cruisetrafikk på Vikeneskaia. Selskapet bør bestå av bedrifter og privatpersonar som har interesse for Volda som cruisedestinasjon.*

*2. Interimstyret består av dei medlemane frå den nedlagde cruisenemnda som frivillig ynskjer å vere med vidare. Styret bør vere ope for dei som har interesse for Volda som cruisedestinasjon.*

*3. Kultur- og nærings sjefen fungerer som interimstyret sin sekretær, til eit eige selskap er etablert. Han kallar inn til første møte.*

**Uttale frå Krf:**

Det vart røysta over om saka skulle realitetshandsamast i møtet. 12 røysta for realitetshandsaming, 13 røysta mot.

**Grunngjeve spørsmål:**

Til slutt i møtet kom Randi Kalland på vegne av Volda SV og Volda Krf med grunngjeve spørsmål vedk. Volda som første Fairtrade-kommunen i Møre og Romsdal. Ordføraren svara på spørsmålet.

Møtet slutt kl. 19.35.

Rett utskrift,  
VOLDA KOMMUNE, Servicekontoret  
1. juni 2007

Unni Strand  
sekr.